



Innkalling

Utval: VALSTYRE
Møtestad: Møterommet
Dato: 29.05.2019
Tid: Kl. Etter møte i formannskapet

Solund valstyre er med dette kalla inn til møte.

Representantar med lovleg forfall eller som er ugilde i nokon av sakene, må snarast råd melde frå til Solund Servicekontor, telefon 57 78 62 00 eller e-post post@solund.kommune.no slik at vararepresentantar kan kallast inn.

Vararepresentantar til valstyret møter etter nærare innkalling.

Saksdokumenta ligg til ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset.

Sakliste

| Sak nr. | Sakstittel | |
|---------|---|--|
| 004/19 | Godkjenning av listeframlegg kommunestyreval 2019 | |
| 005/19 | Val av røystestyre 2019 | |
| 006/19 | Kyrkjeval 2019 | |
| 007/19 | Delegasjon leiar valstyret | |

Solund kommune

28.05.2019

Gunn Åmdal Mongstad
-ordfører-

Sakliste

| Sak nr. | Sakstittel | |
|----------------|---|--|
| 004/19 | Godkjenning av listeframlegg kommunestyreval 2019 | |
| 005/19 | Val av røystestyreter 2019 | |
| 006/19 | Kyrkjeval 2019 | |
| 007/19 | Delegasjon leiar valstyret | |



Arkiv: K1-014
ArkivsakID: 19/175
JournalpostID: 19/1718
Sakshandsamar: Mark Elvevåg
Dato: 23.05.2019

Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval | Møtedato |
|---------------|----------|------------|
| 004/19 | VALSTYRE | 29.05.2019 |

Godkjenning av listeframlegg kommunestyreval 2019

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Vallista til Solund Arbeidarparti vert godkjend med følgjande endringar:

- Ådne Kalgraff får fritak frå å stå på vallista til Arbeiderpartiet i kommunestyrevalet i Solund 2019.
- Kandidatane som står under Kalgraff på lista rykker opp ein plass.

Vedlegg i saka:

02.05.2019 Søknad om fritak frå valliste

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Vallova

Kva saka gjeld:

Endeleg godkjenning av listeframlegg etter at kandidat har søkt om fritak.

Saksutgreiing:

Vallistene må endeleg godkjennast innan 01.06.2019.

Listekandidatane hadde frist til 13.05.2019 om å søkje fritak for å stå på liste. Solund kommune mottok ein søknad.

Ådne Kalgraff har søkt om fritak med grunngjeving at han skal melde flytting frå Solund i juli 2019. Kalgraff vil såleis ikkje vere valbar ved valdagen, j.f. vallova 3-3 (2), og kan ikkje stå på ei valliste i Solund.

Adminstrasjonen har vore i dialog med Solund Arbeidarparti sin tillitsvald og fått beskjed om at partiet ynskjer at kandidatane under Kalgraff skal rykke opp ein plass. Det er krav på at ei liste må ha minst 7 kandidatar, jf. vallova § 6-2 (2). Dersom Kalgraff får fritak vil Solund Arbeidarparti ha 16 listekandidatar.

Vurdering:

Det er å forventast at Ådne Kalgraff melder flytting frå Solund før valdagen og han vil då ikkje vere valbar i kommunestyrevalet i Solund kommune. Det er difor grunn til å godkjenne Kalgraff sin søknad om fritak.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

Ådne Kalgraff
Solund Arbeidarparti

Fra: Adne Kalgraff <adne.kalgraff@gmail.com>
Sendt: tirsdag 30. april 2019 16:45
Til: Solund Postmottak
Kopi: annekarireigstad@gmail.com; Mark Fredrik Elvevåg
Emne: Fritak frå valliste.

Hei,
Eg Ådne Steinsøy Kalgraff ber om fritak frå vallista til Arbeiderpartiet.
Kjem til å melde flytting frå Solund til Førde 07.2019.

Helsing Ådne.



Arkiv: K1-033
ArkivsakID: 19/330
JournalpostID: 19/1744
Sakshandsamar: Mark Elvevåg
Dato: 27.05.2019

Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval | Møtedato |
|---------------|----------|------------|
| 005/19 | VALSTYRE | 29.05.2019 |

Val av røystestyre 2019

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Desse vert oppnemnde som representantar i røystestyra ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019:

Hardbakke krins:

Leiar: Oddlaug Hersvik

Nestleiar: Gunnlaug Olsvoll Røed

Medlem: Magne Hamre

Medlem: Frode Kalgraff

1. varamedlem: Jørn Otto Olsen

2. varamedlem: Hildur Lien

Ytrøy krins:

Leiar: Aud Wesenlund Ødejord

Nestleiar: Odd Kårstad

Medlem: Bente Ø. Utvær

1. varamedlem: Mona Ødejord

2. varamedlem: Reidun Ø. Hjørnevåg

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Vallova

Kva saka gjeld:

Oppnemning av røystestyre for Hardbakke krins og Ytrøy krins ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019.

Saksutgreiing:

I følge vallova § 4-2 skal det veljast minst 3 medlemmer til eit røystestyre. Kommunestyret skal velje leiar og nestleiar.

Kommunestyret kan delegere valet til valstyret. Solund kommunestyre har delegert oppgåva til Solund sitt valstyre i k-sak 022/17.

Medlemene i røystestyra vil få eit lite kurs før valdagen.

Vurdering:

Alle som er føreslegne er spurde og dei er positive til å stille i røystestyra.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

Dei valde



Arkiv: K2-C80
ArkivsakID: 19/315
JournalpostID: 19/1746
Sakshandsamar: Mark Elvevåg
Dato: 27.05.2019

Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval | Møtedato |
|---------------|----------|------------|
| 006/19 | VALSTYRE | 29.05.2019 |

Kyrkjeval 2019

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Kyrkjevalet 2019 kan på valdagen føregå i same lokale som kommunestyre- og fylkestingsvalet.

Det kan gjennomførast førehandsrøysting til kyrkjevalet i Nord-Solund, samtidig som det vert gjennomført førehandsrøysting til kommunestyre- og fylkestingsvalet.

Administrasjonen legg til rette for at den praktiske gjennomføringa vert i samsvar med gjeldande lovverk.

Vedlegg i saka:

21.05.2019 Samlokalisering av kommuneval og kyrkjevalet 2019

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Vallova
Kyrkjelova
Valhandboka

Kva saka gjeld:

Førespurnad frå valstyret til Solund sokneråd om samlokalisering ved kyrkjevalet 2019.

Saksutgreiing:

Valstyret til Solund sokneråd har 21.05.2019 sendt brev til Solund kommune sitt valstyre med førespurnad om å få avvikle kyrkjevalet 2019 i samlokalisering med Solund sitt kommunestyre- og fylkestingsval.

Valstyret til Solund sokneråd ynskjer også å tilby førehandsrøysting til kyrkjevalet til innbyggjarane i Nord-Solund når det vert gjennomført førehandsrøysting til

kommunestyre- og fylkestingsvalet.

I valhandboka 29.2 står m.a.:

Mange stader skjer kommunestyre- og fylkestingsvalet i kommunale bygningar eller lokale, for eksempel rådhus eller skolar. Der det er naturleg og ikkje til hinder for det, kan kyrkjevalet leggjast til den same staden som kommunestyre- og fylkestingsvalet, det vil seie den same bygninga eller bygningskomplekset. Kyrkjevalet må likevel vere tydeleg åtskilt frå kommunestyre- og fylkestingsvalet. Ei tenkjeleg løysing i slike tilfelle kan vere at ein har felles inngang til vallokala, men at stemmegivinga skjer i åtskilde rom.

I Solund har det ved tidlegare kyrkjeval vore samlokalisering med kommunestyre- og fylkestingsvalet på valdagen.

Det har ved tidlegare kyrkjeval ikkje vore samlokalisering med førehandsrøysting på båtruta i Nord-Solund. Grunna krava om at kyrkjevalet skal vere adskilt frå kommunestyre- og fylkestingsvalet, kan rutebåten difor ikkje brukast som «vallokale» til alle tre vala samtidig.

Ei løysing er at Solund kommune fyrst avviklar røystinga til kommunestyre- og fylkestingsvalet og deretter brukar Solund sokneråd rutebåten for å avvikle kyrkjevalet. Ei slik løysing vil ta ekstra tid og det vil difor vere behov for å køyre ei eiga båtrute for røysting til vala. Administrasjonen har vore i dialog med Vidar Hop Skyssebåter og dei kan køyre ei slik ekstra rute.

Vurdering:

Administrasjonen meiner at det er mogeleg å samlokalisere kyrkjevalet med kommunestyre- og fylkestingsvalet på valdagen.

Det er også mogeleg å samlokalisere førehandsrøystinga på båtruta i Nord-Solund dersom ein køyrer ei ekstra båtrute. Det vil vere viktig å informere innbyggjarane i Nord-Solund på førehand om kva dag og tid det er mogeleg å røyste og at det også er mogeleg å røyste til kyrkjevalet.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

Valstyret til Solund sokneråd

Valstyret til Solund Sokneråd

v/ Ingunn Sanden

6924 Hardbakke

21.05.2019

Valstyret til Solund kommune

6924 Hardbakke

KYRKJEVALET 2019

Valstyret til Solund sokneråd ynskjer å avvikle kyrkjevalet i samlokalisering med Solund sitt kommune-og fylkesval, i henhold til Kyrkjelova og Kyrkjevalreglane(forskrift).

Vi har og ynskje om å tilby førehandstemming i kyrkjevalet til innbyggjarane i øyane i Nord Solund dersom det blir organisert eiga førehandstemmingsrute.

Med helsing

Valstyret til Solund Sokneråd


Ingunn Sanden



Arkiv: K1-014
ArkivsakID: 18/188
JournalpostID: 19/1720
Sakshandsamar: Mark Elvevåg
Dato: 23.05.2019

Saksframlegg

| Saksnr. utval | Utval | Møtedato |
|---------------|----------|------------|
| 007/19 | VALSTYRE | 29.05.2019 |

Delegasjon leiar valstyret

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Leiar i valstyret får delegert mynde til å ta avgjersle i saker som er kurante.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Vallova

Kva saka gjeld:

Delegasjon til leiar i valstyret å ta avgjerd i kurante saker.

Saksutgreiing:

Ein del av oppgåvene til valstyret kan kome i ferietida når det kan vere vanskeleg å kalla inn til møte. For å sikre ein smidig prosess kan leiar få delegert mynde til å ta avgjersle om kurante saker når det er behov for rask framdrift.

I dette høvet definerer ein «kurant» som noko som er fastsett i lover og reglement eller har ein innarbeidd praksis ved tidlegare val.

Vurdering:

Administrasjonen meiner at det er viktig at leiaren for valstyret har delegert mynde til å ta avgjerslar i kurante saker slik at ein sikrar ei smidig prosess.

Etter endeleg vedtak utskrift til:

